

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Senea Sabanovic (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho har kontorplass på fylkeshuset i Leikanger. Fylkestinget vedtok samrøystes at Sabanovic var habil.

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å greie ut sal av fylkeshuset i Leikanger, med attendeleige av heile eller deler av bygget, som alternativ til oppgradering i fylkeskommunal regi med investeringar på 204,9 mill kr. Dette gjev fylkeskommunen større fleksibilitet i framtida.»

### **Avrøysting**

*Det var 61 representantar til stades*

Framnes sitt forslag fekk 5 røyster (FRP) og fall.  
Innstillinga vart vedteken mot 5 røyster (FRP).

### **Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek eit aktivitetsbasert kontorkonsept for fylkeshuset i Leikanger slik det går fram av tilrådinga frå brukargruppa.
2. Fylkestinget vedtar å starte rehabiliteringa og ombygginga av fylkeshuset innanfor kostnadsramma på 204,9 mill. kr. inkl. mva. som er innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i saka Budsjett 22/økonomiplan 2022-2025.